



KOMMUNALTEKNIKK PLAN OG FORVALTNING BREMANGER KOMMUNE

GEBYR FOR TEKNISKE TENESTER 2023

**Vedteke av kommunestyret 15.12.2022,
sak KST-056/22.**

1. Fellingsavgift for hjort

Avgifta ligg innanfor statleg fastsett maksimalgrense (vaksne dyr kr 450 og kalv kr 270 pr 2022/2023). Fylgjande avgift pr dyr:

	2021	2022	2023
Vaksne dyr	Kr 430	Kr 450	Statleg maks.sats
Kalv	Kr 0	Kr 0	Kr 0

Sal av hjortekjøtt

Kr 70 eks. mva pr kg for dyr tildelt som skadeløyve

Kr 100 eks. mva pr kg for feilskotne dyr, der kommunen får melding før deling av kjøttet

Kr 150 eks. mva pr kg for feilskotne dyr, der det ikkje er meldt frå til kommunen om feilskyting

2. Gebyr for feiing/tilsyn

Feiing og tilsyn vert utført etter behov, og gebyret er utrekna frå gjennomsnittskostnad. Krav om feiing/tilsyn heimla i "Forskrift om brannforebygging» av 17.12.15. Årsgebyret er likt gebyret til Kinn kommune, som utfører tenesta for Bremanger. Alle satsar er ekskl. mva.

	2021	2022	2023	Endring %
Årsgebyr, eitt pipeløp, pr eigedom	Kr 502	Kr 525	Kr 565	7,6 %
Tillegg i årsgebyret pr pipeløp	Kr 251	Kr 262	Kr 281,5	7,4 %
Årsgebyr, gassfyrte anlegg, pr anlegg	Kr 502	Kr 525	Kr 565	7,6 %
Tillegg i årsgebyret for ikkje-køyrbar veg, pr eigedom	Kr 251	Kr 262	Kr 281,5	7,4 %
Kamerakontroll av skorstein, med rapport	Kr 950	Kr 978	Sats som Kinn kommune	
Tilstandskontroll av skorstein/eldstad	Kr 650	Kr 669	Sats som Kinn kommune	
Tilsynsgebyr der det ikkje er fyringsanlegg	Kr 550	Kr 566	Sats som Kinn kommune	
Fresing av skorstein utanom feiing	Kr 850	Kr 875	Sats som Kinn kommune	

Kamerakontroll, tilstandskontroll og fresing av pipe kan tingast etter behov.

3. Gebyrregulativ for vatn og avlaup

Gebyret er utrekna på grunnlag av sjølvkost, og skal avreknast over ei 4 års periode. Inndeling av gebyrklasser er i samsvar med kommunal forskrift for vass- og avlaupsgebyr.

Meirverdiavgift kjem i tillegg for alle beløp.

3.1 Eingongsgebyr for tilknytning (tilknytingsgebyr)

Bustader og fritidsbustader betaler standardsats for tilknytning, for andre eigedommar vert tilknytingsgebyret fastsett ut frå dimensjon på inntaks- og avlaupsleidning.

Standardsats (S)	2020	2021	2022	2023
Vatn	Kr 15 000	Kr 15 000	Kr 15 000	Kr 15 000
Avlaup	Kr 15 000	Kr 15 000	Kr 15 000	Kr 15 000

3.2 Arsgebyr

3.2.1 Abonnementsgebyr

Bustader og fritidsbustader betaler abonnementsgebyr tilsvarande normalsats (1N) pr bueining. For alle andre eigedommar blir abonnementsgebyret fastsett etter dimensjon på inntaks- og avlaupsleidning. Normalsatsen for abonnementsgebyret er auka med 8 % for vatn og med 10 % for avlaup.

Normalsats	2021	2022	2023
Vatn	Kr 2 370	Kr 2 370	2 560
Avlaup	Kr 958	Kr 910	1 000

3.2.2 Forbruksgebyr

Abonnentar som har installert vassmålar betaler forbruksgebyr etter målt forbruk. Forbruksgebyret er auka med 8 % for vatn og med 10 % for avlaup.

Pris pr m ³	2021	2022	2023
Vatn	Kr 19,83	Kr 20,74	Kr 22,40
Avlaup	Kr 13,05	Kr 12,40	Kr 13,64

Bustader som ikkje har installert vassmålar betaler etter stipulert forbruk.

Kategori	Bustader <100 m ²		Bustader 100-250 m ²		Bustader over 250 m ²	
	Forbruk	Pris	Forbruk	Pris	Forbruk	Pris
Vatn	100 m ³	2 240	225 m ³	5 040	365 m ³	Kr 8 176
Avlaup	100 m ³	1 365	225 m ³	3 069	365 m ³	Kr 4 979

Fritids-/hytteabonnentar som ikkje har installert vassmålar betaler etter stipulert forbruk basert på areal med ein omrekningsfaktor på 0,4 (forventa brukstid 40 %)

Kategori	Fritidsbust. <100 m ²		Fritidsb. 100-250 m ²		Fritidsb. over 250 m ²	
	Forbruk	Pris	Forbruk	Pris	Forbruk	Pris
Vatn	40 m ³	896	90 m ³	2 016	145 m ³	3 248
Avlaup	40 m ³	546	90 m ³	1 228	145 m ³	1 978

4. Gebyrregulativ for konsesjonssaker og delingssaker etter jordlova

Forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker og delingssaker av 14.12.11

	Enkle/kurrante saker	Andre saker
Konsesjonssaker	Kr 2 000,-	Kr 5 000,-
Delingssaker, jordlova §12	Kr 1 000,-	Kr 2 000,-

Det skal ikkje krevjast gebyr når nære slektningar (odelsrett) søker konsesjon fordi at ein ikkje skal oppfylle lovbestemt buplikt. Satsen for konsesjonssaker tilsvarar maksimalsatsen etter forskrifta. Gebyra er uendra frå 2022.

5. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve frå private avlaupsanlegg med heimel i Forskrift om begrensing av forurensing §11-4.

	2021	2022	2023
Utsleppsløyve, separat anlegg, ein bustad/fritidsbustad	1 930,-	1 978,-	2 051,-
Utsleppsløyve, separat anlegg, inntil 50 pe	3 215,-	3 295,-	3 417,-

Gebyra vert auka med 3,7 % for 2023. Gebyr for tiltak etter plan- og bygningslova kjem i tillegg.

6. Gebyr for graveløyve og avkøyrsløyve frå kommunal veg

	2021	2022	2023
Handsaming av graveløyve	Kr 955,-	979,-	1 015,-
Avkøyrsløyve	Kr 1 058,-	1 084,-	1 124,-

Gebyret vert auka med 3,7 % for 2023.

7. Gebyrregulativ for tenester etter plan- og bygningslova (heimla i Pbl. §33-1).

Generell auke er 3,7 % for 2023, runda av til næraste 100 kr/10 kr, med avvik for enkelte gebyrsatsar. Gebyrregulativet er utarbeidd i samsvar med mal frå NKF.

7.1 Føresetnader for gebyret

Gebyret omfattar sakshandsaming og fyrste gongs førehandskonferanse. Tiltakshavar vert fakturert for gebyret.

7.2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr, uavhengig av utfallet i saka og om tiltaket faktisk vert gjennomført. Avslagsgebyr vert ikkje godskrive ved innsending av ny revidert søknad. Dersom søknad vert trekt tilbake, skal søkjar betale del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har komme i handsaminga av søknaden.

7.3 Tidspunkt for avrekning av gebyr

Gebyret vert utrekna frå det regulativ som gjeld når fullstendig søknad er motteken av kommunen.

7.4 Reduksjon i gebyret ved elektronisk og komplett søknad

For elektronisk søknad som er komplett ved fyrste innsending vert det gjeve 20 % reduksjon i gebyret. For å bli rekna som komplett innlevert skal søknaden ha alle naudsynte vedlegg og utgreiingar, og søknaden skal vere tilfredsstillande utfyllt.

7.5 Fleire tiltak i ein søknad

Ved byggjemelding av fleire tiltak samstundes, skal det reknast gebyr for kvart tiltak.

7.6 Fornyng av byggjeløyve

Vert rekna som ny søknad.

7.7 Søknad om rammeløyve og igongsetjing (IG)

Ved søknad om rammeløyve vert det fakturert handsamingsgebyr for heile tiltaket. Når IG vert gjeve saman med rammeløyve vert det ikkje rekna eige gebyr for dette.

7.8 Bruksendring

For bruksendring der det ikkje vert gjort ombygging skal det betalast 50 % av fullt gebyr for den kategori bygget skal nyttast til. Ved bruksendring der det vert gjort ombygging skal det betalast etter satsane for ombygging for den kategori bygget skal nyttast til.

7.9 Anna arbeid

For arbeid som ikkje er nedfelt i gebyrregulativet, og for arbeid som skal fakturerast etter medgått tid skal det nyttast **timepris på kr 1 015**. Meirverdiavgift skal leggjast til.

7.10 Ekstraarbeid ved pålegg etter plan- og bygningslova kap 32

Ved pålegg etter plan- og bygningslova kap 32 vert arbeid fakturert etter medgått tid. Minimumssats er 2 timar. Gebyret vert fakturert adressat for pålegget.

7.11 Ufullstendig søknad

Ekstraarbeid ved ufullstendig søknad vert fakturert etter medgått tid. Gebyr for mangelbrev:

Tiltak utan ansvarsrett	kr 575 pr brev.
Tiltak med ansvarsrett	kr 1 150 pr brev

7.12 Tilsyn

Tilsyn vert gjennomført for tilfeldig valde prosjekt kvart år, samt prosjekt der kommunen har fått klager/meldingar om avvik. Gebyr er inkludert i byggjesaksgebyret dersom det ikkje vert avdekket avvik. For oppfølging av avvik vert det fakturert gebyr etter medgått tid. Ved behov for innleige av sakkyndig bistand vert kostnaden kravd dekket av tiltakshavar.

7.13 Opplysningar til meglar

I samband med sal av eigedommar er meglar pliktig å innhente opplysningar om eigedommen. Førespurnader skal handsamast gjennom digitale løysingar.

7.14 Urimeleg gebyr

Dersom storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeid og kostnader kommunen har med saka, eller gebyret av andre grunnar er urimeleg, kan kommunen fastsetje passende gebyr. Regulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve.

7.15 Klage

Storleik på gebyra (gebyrregulativet) er fastsett av kommunestyret, og dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. Kap. VII i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

7.16 Meirverdiavgift

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift på gebyr for teneste etter gebyrregulativet, med unntak av gebyr etter medgått tid.

7.17 Gebyrsatsar (kr)

Førehandskonferanse - PBL § 21-1		
Varenr.	Førehandskonferanse	Gebyr
	§ 21-1 Førehandskonferanse (frå 2. gongs konferanse, 1.gongs konferanse er inkl. i byggjesaksgebyret)	2.650

Tiltak som krev søknad og løyve og som tiltakshavar kan stå føre - PBL § 20-4		
Varenr.	Mindre tiltak	Gebyr
	§ 20-4 a. Mindre tiltak på utbygd eigedom, frittliggande bygg 0-70 m2 (SAK10 § 3-1 b), tilbygg 0-50 m2 (SAK10 § 3-1 a)	2.650
	§ 20-4 b. Alminnelige driftsbygninger i landbruket (SAK10 § 3-2)	2.650
	§ 20-4 c. Midlertidige bygninger, konstruksjoner eller anlegg - maks 2 år	2.650
	§ 20-4 e. Andre tiltak som tiltakshavar etter kommunen sitt skjønn kan stå føre	2.650

Tiltak som krev søknad og løyve, PBL § 20-3.		
Varenr.	Bustadbygg (inkl. fritidshus)	Gebyr
	For bygg med ei bueining	12.750
	Tillegg pr. Bueinig	9.030
	Til- og påbygg/ ombygging nye bueiningar per eining	10.630
	Til- og påbygg/ ombygging anna, pr. m2 BRA	83
	Alle andre tiltak på bustadeigedom/fritidseigedom	
	Større garasjar etc. > 50 m2	5.320
	Murar/leveggar/bryggjer/basseng etc.	4.890
	Rehabilitering av pipe	2.650
	Alle andre bygg, til- og påbygg, min.gebyr kr 10.000,-	
	For dei fyrste 0 - 100 m2 per m2 BRA (Bruksareal)	104
	For dei neste m2 per m2 BRA (Bruksareal)	31
	Ombygging, 50% reduksjon av satsane over	
	Fasadeendring større bygg, pr fasade	2.650
	Ramme- og igongsettingsløyve (IG)	
	Igangsettingsløyve (IG) etter rammeløyve 10 % av gebyr for rammeløyve, minimumsgebyr pr stk	2.650

Diverse tiltak		
Varenr.	Diverse tiltak	Gebyr
	Bygn. tekn. Installasjoner og VA-anlegg, (pbl. § 20-1 a og f)	2.650
	Vesentlige terrenginngrep i land og sjø, støttemurer, støyskjerm etc. (pbl. § 20-1 k)	4.890
	Trafikk-/samf.anlegg (veg, parkeringsplass, kaianlegg etc.) (pbl. § 20-1 l)	5.630
	Trafikk-/samf.anlegg (veg, parkeringsplass, kaianlegg etc.) (pbl. § 20-1 l), tiltaksklasse 2	18.810
	Skilt / reklame (større skiltplan)	3.080

Behandling av søknader om dispensasjon, jf. pbl. Kap. 19		
Varenr.	Dispensasjonssøknader / fråvik frå teknisk forskrift	Gebyr
	Dispensasjon frå planføremaal / plankrav / byggjeforbod etter § 1-8 (saker som krev høyring)	9.130
	Dispensasjon frå planformål, kurrant sak utan høyring	3.490
	Dispensasjon frå andre tilhøve, lov, forskrift, avstandskrav, etc.	2.650
*	Fråvik frå teknisk forskrift	2.650

Søknad om endring av løyve		
Varenr.	Ved større endringar vert det reikna gebyr som ved ny søknad	Gebyr
	Basisgebyr	3.190
	Det skal reknast gebyr tilsvarande 20 % av gebyret for tiltaket	

Bruksendring, pbl. § 20-1 d.		
Varenr.	Gebyr for ombygging kjem i tillegg	Gebyr
	Bruksendringar av mindre del av bustad	6.380
	Bruksendring, mindre del av større bygg/ næringsbygg – gjeld ikkje ved totalombygging. Då skal punkta som for nybygg § 20-3 nyttast.	12.440

Riving, pbl. § 20-1 e		
Varenr.	Riving. Gebyr per bygning. Riving av mindre bygg vert reikna etter pbl §20-4	Gebyr
	Alle typar bygg, einbustader eller tilsvarande storleik/omfang	5.320
	Alle typar bygg, større bygg	7.760

Ansvarsrettar og ferdigattest		
Varenr.	Søknad om ansvar	Gebyr
	Sjølvbyggjar	3.530
	Lokal godkjenning tiltaksklasse 1 (SAK §11-4, 6.ledd)	3.530
	Midlertidig bruksløyve og ferdigattest	
	Midlertidig bruksløyve	1.970
*	Utskriving av ferdigattest 6 år etter igangsetting eller 2 år etter midlertidig bruksløyve	2.650

Delingssaker - pbl. § 20-1 m.		
Varenr.	Gebyr for evt. dispensasjon kjem i tillegg.	Gebyr
	Frådeling av tomt/tilleggsareal < 2 daa	2.650
	Frådeling av tomt/tilleggsareal > 2 daa	4.570
	<i>Delingssaker utover ein parsell vert fakturert med 50% per eining.</i>	

**Overtredingsgebyr (lovbrotsgebyr), jf. §17-1 i byggjesaksforskrifta
Tvangsmulkt etter pbl. §32-5 vert fastsett i kvar enkelt sak**

7.18 Sal av eigedomsdata

Prisane vert auka med 3,7 %

8 Handsaming av plansak (plan- og bygningslova kap 12)

Gebyret er vedteke med heimel i plan- og bygningslova §33-1. Gebyrauke om lag 3,7 %.

	2020	2021	2022	2023
Oppstartsmøte for reguleringsplan, pbl. §12-8, blir fakturert etter gjennomført oppstartsmøte (krav utsendt med referat)	6400	6600	6770	7 020
Planspørsmål – politisk handsaming av planspørsmål (blir trekt frå basisgebyret dersom planframlegg innan 1 år)	6400	6600	6770	7 020
Reguleringsplan/detaljreg, basisgebyr:				
Enkel sak (hyttefelt/bustadfelt i samsvar med overordna plan og som ikkje medfører konflikt i høve til natur,	31700	32600	33400	34 640

landskap, friluftsliv og kulturminne)				
Middels komplisert sak (t.d strir med overordna plan)	79300	81400	83400	86 490
Komplisert sak (Planområde over 10000 m ² , planar med vesentlege verknader for miljø og samfunn og planar som medfører krav om planprogram og/eller konsekvensutgreiing)	143170	147000	150700	156280
For endring og oppheving av reguleringsplan gjeld same gebyr som for utarbeiding av ny plan pbl. §12-14.				
Mindre vesentleg endring av reguleringsplan, jf. pbl. §12-14, 2.ledd (nytt gebyr 2019 etter endring i pbl.)	18500	19000	19500	20 220
Handsaming av planprogram, etter medgått tid og evt. utgifter til fagkunnig bistand. Minstegebyr	10600	10 900	11200	11 610
Konsekvensutgreiing – dersom kommunen er godkjenningssmynde for søkjaren si konsekvensutgreiing etter forskrift om KU skal det betalast gebyr etter medgått tid og utgifter som kommunen har til fagkunnig bistand.				
Avbrotten plansak – gebyret vert utrekna etter medgått tid				
Planforslag som vert endra etter forslagsstillar sitt ynskje eller i samband med motsegn etter fremja planforslag for planutvalet - 25 % av basisgebyret ved kun avgrensa høyring - 50 % av basisgebyret ved ny varslingsfull høyring				
Timepris for arbeid etter medgått tid (mva kjem i tillegg)	990	1015	1015	1015

Gebyret skal dekke arbeidet Bremanger kommune har med søknaden. Kravet til fagleg utarbeidde og framstilte planar skal gjelde fullt ut. Tiltakshavar dekkar kostnadane til dette, samt kopiering, annonsering og liknande i førekant av søknad, oppdatering/kopiering under handsaming av planer og oppdatering etter endeleg planvedtak.

9. GEBYRREGULATIV ETTER MATRIKKELLOVA

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (§32 i lova og §16 i forskrift) er auka med omlag 3,7 % (avrunda til næraste 100 kr/10 kr) for 2023.

9.1 Oppretting av matrikkeleining

9.1.1 Oppretting av grunneigedom og fest grunn

Areal frå 0-300 m² kr 15 890,-
301-2000 m² kr 22 420,-

For areal over 2000 m² aukar gebyret med kr 1 1830,- pr påbegynt dekar.

9.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Gebyr for matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn vert fakturert etter medgått tid.

Minstegebyr kr 4 970,-

Krev forretinga måling i terrenget skal gebyret fakturerast som for oppretting av grunneigedom, punkt 9.1.1.

9.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Areal frå 0-50 m² kr 8 300,-
51-250 m² kr 10 740,-
251-2000 m² kr 13 380,-

For areal over 2000 m² aukar gebyret med kr 880 pr påbegynt daa.

9.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr for oppretting av anleggseigedom vert fakturert etter medgått tid.

9.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.

9.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Som 9.1.1, 9.1.2, 9.1.4 og 9.1.5. I tillegg kjem tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning.

9.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert sett til 1/3 av gebyrsatsane etter 9.1.1 før oppdrag er påbegynt i felt. Når arbeidet er påbegynt i felt vert gebyr sett til 2/3 av gebyrsatsane etter 9.1.1.

9.3 Grensejustering

9.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved grensejustering kan arealet for involverte eigedommar justerast med inntil 5 % av eigedommen sitt areal (maksimalgrense er sett til 500 m²). Ein eigedom kan ikkje avgje areal som overstig 20 % av arealet til eigedommen før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre arealklasser gjelde.

Areal frå 0-250 m ²	kr 8 300,-
250-500 m ²	kr 10 750,-

9.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av volumet til anleggseigedommen, men den maksimale grensa vert sett til 1000 m³.

Gebyr for grensejustering av anleggseigedom vert fakturert etter medgått tid.

9.4 Arealoverføring

9.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Før arealoverføring ver matrikkelført skal godkjend takst og erklæring frå panthavar leverast kommunen av rekvirenten.

Gebyr vert fakturert som punkt 9.1.1 med tillegg for eventuell ekstra tidsbruk etter medgått tid.

9.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleining skal utgjere eit samanhengande volum. Gebyr vert fakturert etter medgått tid.

9.5 Kartlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning.

Gebyr for eitt grensepunkt	kr 4 500,-
For overskytande grensepunkt, pr punkt	kr 1 220,-

9.6 Kartlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar.

Gebyr for eitt grensepunkt	kr 7 750,-
For overskytande grensepunkt, pr punkt	kr 1 770,-

Der grensemerke ikkje kan finnast vert kartlegging fakturert i samsvar med punkt 9.1.1.

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid etter punkt 9.10.

9.7 Betalingstidspunkt

Gebyret skal krevjast inn forskotsvis.

9.8 Forandring i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert gebyret oppretthalde.

9.9 Utskriving av matrikelbrev (matrikkelforskrifta §16)

Matrikelbrev inntil 10 sider	kr 175,-
Matrikelbrev over 10 sider	kr 350,-

9.10 Timepris.

Timekostnaden skal dekke både direkte og indirekte kostnader, og skal såleis dekke brutto lønnskostnader, forbruksmateriell, reisekostnader, forholdsvismessig del av utstyrs- og inventarkostnader, kontorutgifter, husleigekostnader, opplærings-/utviklings-/fråværs- og administrasjonskostnader.

Gebyr pr time er **kr 1015** for 2023. Mva kjem i tillegg. Minimumsgebyr er to timesatsar.

9.11 Klage

Enkeltvedtak etter dette gebyrregulativet kan påklagast. Klageinstans er Fylkesmannen.

Klage på gebyrfastsetjing eller søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje utsetting av betalingsfrist.

Det er ikkje høve til å klage på kommunestyret sitt vedtak om gebyrregulativ. Ved klage skal regelverket etter forvaltningslova fylgjast.

9.12 Tilleggskostnad

I dei tilfella eit oppdrag må ta stilling til eksisterande, men ikkje koordinatfesta grenser, kjem tillegg i gebyr etter medgått tid for påvising av grensene i terrenget.

10. Gebyr for tenester etter lov om eigarseksjonering §15

Eigarseksjonering	Pris
Seksjonering av nybygg inntil 2 seksjonar	Kr 11 700
Seksjonering av nybygg 2-10 seksjonar	Kr 15 950
Seksjonering av nybygg meir enn 10 seksjonar	Kr 26 570
Seksjonering/reseksjonering av eksisterande bygg 2 seksj.	Kr 15 950
Seksjonering/reseksjonering av eksisterande bygg 2-10 s.	Kr 21 250
Seksjonering/reseksjonering av eksisterande bygg > 10 s.	Kr 31 900
Synfaring, pr time	Kr 1 015 + mva

For saker som krev oppmåling kjem oppmålingsgebyr i tillegg. Gebyr for tinglysing kjem i tillegg.